



**Ullensvang  
kommune**

Til  
Offentleg mynde  
Andre rørte partar

18.02.2026

## **Varsel om oppstart av detaljregulering med konsekvensutgreiing og offentleg ettersyn av planprogram for Skarsmoen.**

Plan ID: 46182025004

### Initiativtakar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette varsla at HRP AS, på oppdrag frå Ullensvang kommune, startar arbeid med detaljregulering med konsekvensutgreiing (KU) for eigedomane gnr. 38, bnr. 60 m.fl. og gnr. 37, bnr. 61 m.fl. i Skare.

### Tidlegare varselet oppstart av planarbeid

Oppstart av planarbeidet vart varsla 01.09.2025. Etter innspel frå mellom anna NVE er det gjennomført nye vurderingar av konsekvensane for planarbeidet. NVE har konkludert med at planen rører viktige naturområde som krev konsekvensutgreiing, og at delar av planområdet ligg innanfor nedbørsfelt til Opovassdraget, som er eit verna vassdrag. Dette utløyser krav om ei brei og grundig KU-prosess.

Alle innkome merknader frå den første varslinga vil bli tekne med vidare i den vidare planprosessen.

Planområdet er det same som i det opphavlege varselet og er i dag regulert til industri, friområde og kommunalteknisk verksemd. Føremålet med reguleringsarbeidet er å leggje til rette for vidare bruk til industriformål, samtidig som det skal leggjast til rette for nye og utvida kommunaltekniske anlegg, gang- og sykkelveg, næringsareal og samferdselsføremål. I tillegg skal eksisterande bustadområde ved Joker Skarsmo/Jøsendal vidareførast.

### Avgrensing av planområde

Planområdet er vist på vedlagt kart og omfattar om lag 165 dekar. Av dette er ca. 80 dekar i dag regulert til industriformål. Området er delvis utbygd med lagerbygg, næringsbygg og anna verksemd. Planområdet grensar til kommunedelplan for Rv13 Jøsendal–Odda sør og bustadregulerte område ved Røldalsvegen.

Kommunen har planar om å utvide eksisterande kommunaltekniske føremål, og dette skal utgreiast i planprosessen.

### Varsling om utleggens av planprogram

Kommunen har vedteke å leggje forslag til planprogram ut til offentleg ettersyn som ein del av planprosessen.

Planarbeidet og KU skal særleg vurdere følgjande tema:

- Verknader av klimaendringar, flaum, storflaum og skred
- Trafikkforhold
- Vassmiljø og vassdrag
- Friluftsliv og bruk av området
- Biologisk naturmangfald
- Landskap og visuelle verknader
- Forureining: Støy, grunnforureining

#### Merknader/ innspel

Eventuelle nye merknader/ innspel til planprogram som kan ha betydning for planarbeidet skal sendast skriftleg til:

HRP AS ved Hernan Vasquez, [hva@hrpas.no](mailto:hva@hrpas.no) eller per post til Dronning Eufemias gate 16, 0191 Oslo. Merk innspelet med "Detaljreguleringsplan for Skarsmoen".

Frist for å kome med innspel er sett til **27.03.2026**

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til HRP AS ved/ Hernan Vasquez.

---

Hernan Vasquez  
Arealplanlegger  
Mobil: +47 99 38 10 15  
E-post: [hva@hrpas.no](mailto:hva@hrpas.no)

#### Vedlegg

Kart som syner avgrensing av planen

Vedtak om høyring av planprogram

Vurdering av plikt til konsekvensutgreiing